

# Jakta på den raude tråden – og knaggar i preika

Ei drøfting av strukturens plass i nyare amerikansk homiletisk litteratur



**TORE SKJÆVELAND, KYRKJEFAGSJEF I BJØRGVIN BISPEDØME OG LEIAR AV  
HOMILETISK FAGRÅD I PRESTEFORENINGEN**

tos@kyrkja.no



**HALLVARD OLAVSON MOSDØL, ETTER- OG VIDEREUTDANNINGSLEDER/UNIVERSITETS-  
LEKTOR I PRAKTISK TEOLOGI VED DET TEOLOGISKE MENIGHETSFAKULTET**

hmosdol@mf.no

## Introduksjon

Ordet *struktur* vekker knapt homiletiske hornmusikk i brystet på norske prestar. Samstundes veit me at preiker utan form og framdrift har ein tendens til å aktivere den mentale skjerm-sparinga hos folk i kyrkjebenkene. Form er viktig i all kommunikasjon. Nåde den standup-komikar som rotar med poenget slik at punchline kjem for tidlig. Vedkomande får usentimentalt erfare at det er struktur som gjer ein vits til ein vits.

Formgjeving er krevjande, og manglande struktur er merkbar – både i vitsar og i preiker. Mange predikantar kjenner utfordringa med å skulle etablere gode struktur i det ein vil formidle frå preikestolen. Dette kan ha fleire årsaker. For enkelte skuldast det manglande tid til førebuing. Det kan vere tidkrevjande å utarbeide ein god struktur. Det kan også ha med manglande trening; å etablere ein god preikestruktur

representerer ei form for praktisk handverk som krev kunnskap, ferdigheiter – og språkleg *teft*. Ei tredje utfordring kan vere knytt til manglande medvit om at arbeid med struktur er viktig for at ein skal nå fram med ein bodskap. Har ein som predikant lite forståing for at form kan bidra til å prege innhaldet, kan ein ende opp som ein mindre spennande forkynnar enn nødvendig. Dette tener ikkje den enkelte prest, heller ikkje evangeliet.

Tradisjonelt har det blitt lagt lite vekt på struktur i norsk homiletikk. Dette står i kontrast til nyare amerikansk homiletikk som er svært opp-tatt av kva strukturen betyr for formidlinga.

I det fyljande skal me sjå nærare på nyare homiletikk og drøfte korleis preikestruktur vert forstått innanfor ein deduktiv og ein induktiv homiletisk tradisjon. Me avgrensar oss til utvald litteratur frå 1950-tallet og framover. I artikkelen spør me innleingsvis:

1) Korleis har arbeidet med struktur blitt forstått i tidlegare norsk homiletisk tradisjon, her representert ved Carl Fredrik Wisløff? Deretter utvidar me perspektivet og spør; 2) Korleis har arbeidet med struktur blitt forstått i nyare amerikansk homiletikk, her representert ved Fred Craddock, Eugene Lowry, David Buttrick og Joseph Webb? Med utgangspunkt i tekstar frå desse vil me drøfte korleis norske prestar kan hente inspirasjon til eige arbeid med preikestruktur. Artikkelen har både historisk-homiletisk og praktisk-teologisk sikte.

### Preikestruktur i norsk kontekst

I byrjinga av det 20. århundret vart formspørsmål diskutert i den homiletiske litteraturen. Ambisjonen var å finne fram til ei moderne preikeform i kontrast til den meir pietistiske tradisjonen. Idealet vart løfta fram av liberale teologar, men desse kom i liten grad til å prega homiletikkfaget. Dette skuldast primært den dialektiske teologi, som vaks fram etter første verdskrig. Den dialektiske tradisjonen såg med skepsis på all teologi som ein oppfatta som antroposentrisk i si tilnærming. Karl Barths understreking av at Guds ord kjem *utanfrå* kom til å prege homiletisk ideal. I dialektisk teologi såg ein på preika fundamentalt som skriftfortolking. Tekstpreika vart framheva som det som passa med openberringa sin karakter.

Dette teologiske paradigmet bidrog til at homiletiske lærebøker vart dogmatisk orientert, og primært opptatt av preikas vesen og innhald. Predikanten vart i dialektisk teologi forstått som ein herold, ein ambassadør for evangeliet. Det var lite fokus på predikanten som person. Arbeid med struktur vart på same måte sett på som underordna. Ikkje før på 1970-talet byrja ein på nytt å arbeide med struktur innan homiletikken (Weider 1970:234ff), og først frå 1980-talet vart preikeform gjeve fornya fokus i norske lærebøker (Skjevesland 1981 og 1995).

Ein sentral representant for det homiletiske grunnsynet som kom til å prege norske preikestolar frå 1950-talet og utover var Carl Fredrik Wisløff. I første utgåva av "Ordet fra Guds munn" (1951) skriv han eit kapittel med tittelen "Tekst – tema – preken". Her skriv Wisløff om disponering og struktur. Dette er tatt bort i

seinare utgåver, noko ein kan forstå ut frå Wisløffs dogmatiske utgangspunkt. Det var preika sitt teologiske innhald han var opptatt av. "Det som prekenen har felles med andre slags offentlige taler er av meget underordnet betydning. Først det som *skiller* den fra alt annet er virkelig av interesse. Dette er *evangeliet*," skriv han i 2. utgåve (1963:11).

Wisløff har eit avdempa forhold til struktur. Og når han først skriv om struktur i 1951-utgåva er alle eksempla hans på gode preiker disposisjonar i *tre punkt*. Dette var ein tradisjon som blant anna Bjarne Weider, praktikumsrektor ved Det teologiske Menighetsfakultetet, hadde gjort seg til talsmann for. Strukturen i trepunktspreika var enkel: Preika skulle kunne uttrykkast i éin temasetning. Denne skulle kunne destillerast til tre hovudpunkt, og desse vart så brotne ned i ytterligare underpunkt. Dette var ein struktur forma av ein teologisk tradisjon som la vekt på kristen *lære*, og trepunktspreikene vart gjerne strukturert ut frå fyljande skjema

- I. Eksegese: Kva teksten seier.
- II. Dogmatikk: Kva truslæra seier.
- III. Applikasjon: Konsekvensar for trua./Korleis dette skal praktiserast.

Styrken med denne måten å strukturere preikene på var at fast struktur gav einskap og orden til preika. Ei temasetning gjorde det lettare å halde fokus, samstundes som forma gav rom for variasjon: Dei tre punkta kunne ha indre stigning, dei kunne henge saman i eit utviklingsløp eller vera argument som bygde på kvarandre. Mange predikantar arbeidde systematisk med å finne pedagogiske overskrifter til sine tre punkt – for slik å gjere dei lettare å hugse. Trepunktspreika vart etterkvart den dominerande forma, og i amerikansk kontekst vart "three points and a poem" synonymt med tradisjonell preikestruktur.

### Nye ideal – fokus på form

Etter kvart vaks det fram kritikk av denne måten å strukturere preikene på. Enkelte kritikkar meinte at trepunktspreikene hadde ein tendens til å bli forutsigbare og kjedelege. Ei anna innvending var at trepunktspreika representerte eit ideal som ikkje tok omsyn til kva det var som skulle forkynnast; alle tema og ulike typar prei-

ker vart sett på same skjema.

Utover 1970- og 80-talet vart stadig fleire innan faget opptekne av å utvikle nye måtar å tenke preikestruktur på. Ein grunnleggande motivasjon var auka forståing av at form påverkar innhald. Trepunktstrukturen var eit ideal som la vekt på trua som kognitiv storleik, hevda kritikarane. Dette kunne passe når ein utla paulinske tekster, eller forsoningslæra. Men kva med alle forteljingane i Bibelen, poesien og det faktum at Jesus tala i likningar, ikkje i trepunktspreiker med underpunkt?

Den viktigaste nytenkinga innan faget vaks fram i USA gjennom rørsla som vart kjent under namnet "The New Homiletic". Det er knapt rett å omtale rørsla i eintal, sidan den i realiteten omfatta eit mangfald av homiletiske retningar. Det desse hadde til felles var eit fornya fokus på tilhøyrarane og resepsjon, den enkelte lyttars oppleving av preika.

Det er sagt at då Fred B. Craddock's "As One Without Authority" vart publisert i 1971, vart ein ny æra i nordamerikansk homiletikk fødd (Lowry 1993:93). Craddock sette *struktur* på dagsorden og gjorde termene *induktiv* og *deduktiv* til standardord i faget. I klassikaren frå 1971 skildrar han situasjonen for preika på denne måten: Folk har ikkje lenger tiltru til det religiøse språket i kyrkja, som heng fast ved sine gamle uttrykksmåtar. Fjernsynet har påverka folk sin måte å ta inn stoff på. Vektlegginga av kommunikasjon har gått frå ord og forteljing til det synlege og bilete. Det er dessutan blitt eit nytt forhold mellom tala og tilhøyrar. Predikanten kan ikkje lenger gå ut frå at det er allmenn respekt for autoriteten hans som ordinert eller autoriteten til institusjonen hans eller til Bibelen. Craddock konkluderer med at: "Forkynning i ein endra kontekst krev noko anna, ikkje berre noko meir." (1979:18)

Den rådande preikemetoden, som Craddock stiller kritiske spørsmål ved, omtalar han som ein *deduktiv* preikemåte. Predikanten startar med konklusjonen og utfaldar denne, gjerne i tre punkt med underpunkt. Fordi konklusjonen kjem *før* utfoldinga av argumenta er dette ifølgje Craddock

"ei høgst unaturleg form for kommunikasjon, med mindre ein tar som ein gjeven føre-

setnad at tilhøyraren er passiv og aksepterer talaren sin rett eller autoritet til å dra ein konklusjon som han så tilordnar tilhøyraren si tru og sitt liv." (1979:57)


Denne preikemåten understrekar autoriteten til predikanten. Det er ein monolog, utan bidrag frå tilhøyraren. Craddock sitt alternativ til denne tradisjonelle tilnærminga var ein struktur der ein snur dette mønsteret ved å gå frå deduktiv til *induktiv* tilnærming. Det skjer alt induktiv tenking i presten sitt studerkammer når han kjem fram til ein konklusjon, som så blir startpunkt for ei deduktiv preike, argumenterer Craddock.

"Kvifor ikkje sundag morgon gjenta den induktive turen han tok tidlegare og sjå om tilhøyrarane hans kjem til same konklusjon? ...dersom dette er gjort godt, så treng ein ikkje å applisera konklusjonen på tilhøyrarane sine liv. Dersom dei har gjort turen, så er det deira konklusjon, og fylgjene for deira eigen situasjon er ikkje berre klar, men også umogeleg å distansera seg frå." (1979:57)

Den induktive preika tek utgangspunkt i erfaringar som er velkjende for tilhøyraren, og går frå desse til ei meir generell sanning. Det er ei rørsle som går nedanfrå, frå det nære og kjente, og til det meir generelle og abstrakte. Skilnaden mellom dei to modellane kan illustrerast slik:

**Deduktiv preike:**


Allmenn sanning



Applikasjon til livet

**Induktiv preike:**

Einskilde erfaringar frå livet



Allmenn sanning

Ifølgje Craddock er det visse vilkår som må oppfyllast for at ei preike skal vera induktiv. Den må vera opptatt av *konkrete erfaringar*, ikkje berre i innleiinga, men gjennom heile preika. Vidare må preika ha *framdrift*; den må gjennom sin

oppbygning være i stand til å gje tilhøraren plass, slik at vedkomande kan komme fram til ein konklusjon som er hans eigen, ikkje berre talarens.

Det er tre kvalitetar som kjenneteiknar korleis Craddock tenker om preikestruktur: Preika må ha rørsle og framdrift; dette skapar forventning og motiverer tilhøraren til å fylgje med slik at vedkomande vert open for bodskapen. Preika må vidare ha ein raud tråd som held rørsla samla på veg mot poenget. Den tredje kvaliteten er knytt til fantasi og førestellingsevne for å tolka kyrkjelyden og for å forma preika slik at den reflekterer realitetane i tilhøyrarane si livserfaring så preika vert ei gjenskaping av måten livet vert erfart, men no i lys av evangeliet.

### I kjølvatnet av Craddock

Fred Craddocks bok "As one Without Authority" kom til å representere eit paradigmeskifte innan homiletikkfaget. Ein av dei som arbeidde vidare langs det induktive sporet var Eugene Lowry. I boka "The Homiletic Plot" frå 1980 presenterer han ein dramaturgisk inspirert preikestruktur, som ein mellomting mellom induktiv og narrativ preike.


Lowry meiner mange predikantar var blitt opplærd til å sjå på preika som ein *ting*. Dette impliserer at ein konstruerer preiker ut frå logikken i dei ideane ein puttar inn i preika. Problemet er at ei preike ikkje er eit logisk byggesett. Ei preike er ei *hending* som fylgjer forteljingas logikk i det kommunikative samspelet mellom predikant og kyrkjelyd (1980:10). Lowry hevder at ei preike må ta utgangspunkt i eit følt problem, som treng løysing. Dette erfarte problemet/misforholdet er ikkje berre nøkkelen til å forme ideane; det er òg ein nøkkel til å støtte ideen gjennom heile preikeprosessen. Omgrepet *plot* er difor nøkkelen til både preikeførebuing og preikeframføring.

Eit homiletisk plot kan framstillast grafisk på fylgjande måte (Jfr. figur):

- 1) Å setja opp problemet.
- 2) Å analysere spenningane.
- 3) Å avsløra hintet om ei løysing.
- 4) Å oppleve evangeliet.
- 5) Å snakke om forventa konsekvensane.

Modellen skal ikkje forståast vertikalt som ein

disposisjon, men horisontalt som ei tidslinje, fordi preikeplotet er tidsorientert – ei hending i historia med byrjing og slutt.



Konkret ser Lowry for seg at predikanten brukar dei første tre minuttane av preika til å skildre problemet slik at det vert *følt* av tilhøraren. I andre scene skal predikanten presentere spenningane. Ein diagnose må stillast slik at folk kjenner seg att. Det er viktig at ein ikkje berre skildrar eller illustrerer problemet på ein overflatisk måte; då vert også evangeliet overflatisk. Teologien må verta tydeleg, fordi synet på synda og problema i verda må samsvara med det evangelium ein presenterer.

I tredje scene kjem vendepunktet, eit hint om løysing. Her kjem evangeliet, ikkje som ei forventta løysing, men som ei openberring, ei oppleving som set heile problemet i eit nytt lys. I fjerde scene skal ein sjå på det som var problematisk i dette nye perspektivet. Evangeliet proklamerast som svar på problemet i andre scene. Dersom preika har gjort tilhøraren klar for det, kan evangeliet opplevast, ikkje berre som ord, men som ei *erfaring*, som noko som rører ved ein. I femte scene er det fokus på konsekvensane. Predikanten skal seia: "I lys av at evangeliet har gjort sitt verk i oss, kva kan me no forventa, kva skal no gjerast eller kva er no mogeleg?" (1980:67ff)

Dette er ein måte å tenke struktur i preika på, som er inspirert både av Craddocks induktive tilnærming (nedanfrå-perspektiv), og ein narrativ modell. Gjennom å etablere eit plot og utfalde dette, kan strukturen bidra til å skape framdrift, fokus og engasjement.

### Om å lage "kino" i hovudet til lyttaren

David Buttrick er ein sentral representant for nyare amerikansk homiletikk. I boka "Homiletic - Moves and Structures" frå 1987 tek han ut-

gangspunkt i strukturspørsmål og spør med utgangspunkt i eit språkfenomenlogisk perspektiv – kva gjer språket? Kva skjer når meining formar seg i medvitet og ein bodskap festar seg i sinnet?

Buttrick meiner språket er med på å skape verda slik me er medvitne om henne. Ved at orda set namn på ting, vert me merksame på dei. For kvar ny ting me lærer, vert vårt eige medvitsunivers større. Når me brukar ord til å fortelje historier om oss sjølve, står me fram som personar og får ein identitet. Med utgangspunkt i dette seier Buttrick at preika må byggja opp vårt *trusmedvit* ved å vise og sette namn på truas verd, og på Gud i verda. Ved å fortelje historia om Jesus, som ei historie som har med oss og gjere, bygger me kristen identitet. Når predikanten lukkast på preikestolen, er vedkomande med og formar medvitsuniverset – både til enkeltindivid og til kyrkjelyden som fellesskap.

Korleis kan ein bruke språket for at preika skal lukkast med dette? Buttrick svarar at ein gjer dette ved å konsentrere seg om to ting: *moves*, dei sekvensane eller stega preika er bygd opp av, og *structures*, måten dei er sett saman på. Han tar utgangspunkt i korleis me nyttar språket i ein samtale, og kallar sekvensane *moves* (rørsler/steg) for å understreka det dynamiske i menneskets måte å forstå på. Preika skal ikkje vere strukturert ut frå dei tradisjonelle tre punkta. Desse vert lett redusert til statiske lærepunkt og minner sjangermessig om framstillinga i ei lærebok. Målet er at strukturen skal etterlikne *samtalen* sin tankegang og logikk. Strukturen vert til når predikanten har arbeidd så lenge eksegetisk og litterært med teksten at teksten formar ei meining i medvitet til predikanten. Denne må brytast ned til ein tankegang med steg, som så kan formulerast i enkle setningar.

Buttrick gjer seg til talsmann for at preika skal ha fem–seks steg som etterliknar tankegangen i ein daglegdags samtale: Partane snakkar først om ein ting, så om ein annan, så om ein tredje. Slik går samtalen framover, steg for steg. I samtalen kan me skifta tema raskt og likevel få tankegangen med oss.

Når predikanten talar til ei forsamling må han bruke *lenger* tid. For at ein bodskap skal festa seg

hos tilhøyraren må ein minst bruke tre minutt på denne eine bodskapen, hevdar Buttrick, men ikkje lenger enn fire minutt. Då vert den postmoderne, fjernsynspåverka tilhøyraren ukonsentrert. Altså bør preika vera samansett av tre–fire minuttars delar eller steg. Når desse delane heng tematisk saman, er dei i stand til å formidle ein tydeleg bodskap samtidig som ein sikrar framdrift. Lyttaren kan fylje preika omtrent som ein ser film. Utfordringa er å lage ”kino” i hovudet på lyttaren og få til god ”klipping”. Ulike scener fyljer etter kvarandre basert på ein indre struktur. Om denne manglar, risikerer preika å bli redusert til snapshots som minner meir om ein konvolutt med usorterte feriebilette enn ein film.

På same måte som ein kjede av setningar dannar meining i ein samtale, formar stega i preika ein tankegang, ein *meningsstruktur* i medvitet til tilhøyraren. Difor er det viktig at kvart steg vert utforma slik at det festar seg før preika fører vidare. Den teologiske bodskapen må vera formulert som ein enkel setning og tydeleg sagt i byrjinga og i slutten av kvart steg, for det som er uklart, vert viska ut i medvitet. Så må bodskapen utfaldast. Han gjer dette ved å knytte til levande erfaring, til metaforar og bilete, vitnesbyrd og illustrasjonar.

Bileta som skal danne seg hjå tilhøyraren, må stå i ein form for indre samanheng slik at dei dannar ein heilskap og ikkje mange lausrivne bilete. Som hjelp til dette foreslår Buttrick at ein ikkje vel endeleg ut bilete, metaforar og illustrasjonar før heile strukturen og tankegangen i preika er klar. Han set opp eit skjema for preika, der han fyller inn metaforar, bilete og illustrasjonar slik at han ser korleis dei fordeler seg i stega i preika. Slik kan ein betre sjå om biletbruken byggjer opp under hovudbodskapen i preika, og oppdage om bilete dreg i ei anna retning.

På same tid som det må være samanheng i stega, må dei også ha variasjon. Det kan ein gjere ved å velje ulike synsvinklar for kvart steg. Overgangen frå eit steg til eit anna kan til dømes gå på motsetning eller assosiasjonar – ein kan skifte frå det personlege til det allmenne, eller ein kan avslutte med eit overraskande klimaks som i ei forteljing etc. Sidan mange preiketeks-

tar er forteljingar, høver denne modellen godt. For at folk skal henga med og bodskapen festa seg, er det viktig at samanhengene mellom stega fylgjer logikken frå tankegangen i ein samtale. Difor seier Buttrick at testen på ein god struktur er når ein merkar at det er flyt mellom stega, slik at preika har det same preget som ein finn i ein samtale.

## Den manusfrie preika

Craddock, Lowry og Buttrick høyrer til den første generasjonen av homiletikarar innan "The New Homiletic". Etter dette har det kome nye stemmer som pregar faget. Joseph M. Webb er ein av dei som har markert seg med eit preikeprogram der nettopp struktur vert sett på som avgjerande. Men Webb skiljer seg på eit punkt klart ut. I boka "Preaching without notes" (2001) er han eksplisitt på at for at induktive preiker skal verka etter sin hensikt, å skapa deltaking frå tilhøyraren, må preika haldast utan manus. Det er den beste måten å skapa ein ekte kontakt mellom predikant og tilhøyrar, og det gjer predikanten til eit autentisk vitne der bodskapen kjem frå predikantens hjarta og ikkje frå ei side i predikantens preikemanus (Webb 2001:25-30).

Det å etablere struktur (outline) er den viktigaste oppgåva for ein predikant som vil førebu seg til å gå på preikestolen utan manus. Nøkkelen til memorering og trygg framføring er god struktur, og Webb legg stor vekt på at ein må arbeida grundig for å forbetre strukturen gjennom å isolere, arrangere, merke og evaluere materialet ein arbeider med.

Sjølv om Webb legg vekt på at preika ikkje skal skrivast ned, rår han til at predikanten noterer flittig under *tekststudiet*, så ein samlar det ein får av idear og assosiasjonar. Før ein startar på strukturen, bør ein formulera ei temasetning med den sentrale ideen. Sidan Webb vil ha ei induktiv preike (nedanfrå-perspektiv) skriv han denne setninga nedst på arket. Ei viktig oppgåve er å finne ein grunnleggande metafor eller bilete for bodskapen i preika. "For at ein offentleg tale skal vera samanhengande, flyta godt og bli hugsa, må talen vera strukturert rundt ein metafor, noko tanken kan festa seg til." (2001:48)

Webb er oppteken av at dei ulike momenta i

preika må være av ein slik karakter at dei kan feste seg i minnet – både til predikanten og til lyttaren. Momenta må ha evne til å kunne bli hengande. Ein god preikestruktur har klart markerte delar, avgrensa og einskaplege, med berre *ein* ide. Webb hevder at dette er ein av dei viktigaste skilnadane mellom modellen han presenterer, og tradisjonell deduktiv struktur. Sistnemnde kunne med alle sine punkt og underpunkt utgjere ein svært kompleks struktur som det var krevjande å memorere.

Stofftilfanget til preika hentar Webb frå eksegetisk arbeid. Kombinert med dette jaktar han stoff frå fire andre temafelt: aktuelle hendingar, populærkulturen, historia og egne opplevingar. Når alt dette stoffet er samla, anbefalar Webb å isolere det innsamla materialet til einskaplege sekvensar og sikre at kvar sekvens berre har éin bodskap.

Neste del av arbeidet er å arrangere sekvensane i logisk rekkefølge og knytte dei saman. Det må vera flyt og framdrift i preika. Ei klar og konsis organisering er nødvendig for å kunne hugse preika utan støtte i manus. I tillegg må sekvensane ha variasjon og ikkje vera for like – då vert dei lett utydelege i forhold til kvarandre. Webb drøfter òg slutten på preika. Ifølgje Webb bør predikanten avslutte med å antyde kva det som er sagt, kan føra til; helst skal ein peika på eit eller fleire handlingsalternativ. "Her er noko du kanskje skal vurdere å gjera som eit resultat av det me har snakka om i dag. Prøv dette, eller kanskje du vil prøva dette." (2001:64)

Neste steg i prosessen, og dette er knytt opp mot framføringa, er å gi *namn* til sekvensane. Dette skal gjera det enkelt å memorere strukturen – titlane er ikkje for tilhøyraren. Målet med strukturen er ikkje at tilhøyraren skal hugsa den, men at strukturen fører dei ein bestemt stad. Dette oppnår ein gjennom ein sterk logisk samheng mellom sekvensane, slik at ein sekvens opnar for den neste. Og ved å kunne tale utan manus kan predikanten i større grad kome nær dei han preiker til. Det er særleg det mentale nærværet i den faktiske preikehendinga som Webb er opptatt av.

For å sikre at predikanten har utvikla ein struktur som "glir", bør denne testast ut. Dette handlar om øving i fleire omgangar; ein testar

overgangar. Predikanten må spørje om preika med alle sekvensane utgjør ein einenskap, om sekvensane heng saman, og om preika har ei byrjing og ein slutt. Ofte vil overgangen frå ein sekvens til ein annan avsløra svak struktur. Det er viktig å kjenne etter om overgangen mellom sekvensane vert opplevd naturleg. Om ikkje risikerer predikanten å slite med å hugse kvar han skal rundt neste sving i preika, noko som kan skape utfordringar på preikestolen.

I Webbs metode kan me finne innslag både frå Craddock (induktiv tilnærming), Lowry (fokus på dramaturgi) og Buttrick (sekvensstenking kombinert med tydelig struktur). Det som skil Webb frå desse tre – og som knyter han til ein klassisk retorisk tradisjon, er vektlegginga av preika som munnleg talehandling (actio). For Webb er målet at preika skal formidlast utan at predikanten gløttar ned i manus. Det er eit systemetisk arbeid med struktur som gjer dette mogleg.

## Drøfting

Eit av dei mest markante fotavtrykka "The New Homiletic" har sett i preikefaget, er fornya vektlegging av kva struktur har å seie for meiningsinnhaldet i ei preike. Det å skulle skilje form og innhald kan vere fatalt i homiletikken, fordi ein då ikkje anerkjenner den teologien som er implisitt i kommunikasjonsmetoden. Craddock er tydeleg på dette:

"Truleg er få predikantar klar over kor mykje preika sin struktur innverkar på kvaliteten av kyrkjelyden si tru. Prestar som veke etter veke strukturerer preikene sine som argument, som logiske resonnement for ein debatt, tenderar mot å gjere dette til hovudperspektiv i trua for dei regelmessig tilhøyrarane. Å vere kristen vert då å vise at du har rett. Dei som konsekvent brukar eit "før/etter"-skjema, pregar inn inntrykket av at omvendning er den grunnleggjande modellen for å bli ein kristen. Preiker som stadig set opp for kyrkjelyden eit "anten/eller" som måten å sjå saker på, bidrar til overforenkling, lite fleksibilitet og inntrykket at trua alltid er ei tvingande avgjerd. Som ein kontrast har "både/og"-preiker ein tendens til å utvida horisont og sympatiar, men konfronterer aldri tilhøyraren til ei klar avgjerd." (1985:173ff)

Om ein samanliknar Craddock med den homile-

tiske tradisjonen Wisløff står i, synes det klart at fokus på struktur har endra seg markant dei siste femti år. Noko forenkla kan ein seie at faget har gått frå ei deduktiv til ei induktiv tilnærming. Dette inneber at ein på ein annan måte enn tidlegare legg vekt på korleis preika vert opplevd, og korleis preika verkar på tilhøyrarane for å dra dei med i prosessen. Det er meir enn ein kognitiv bodskap som skal formidlast; difor er ikkje strukturen berre ein måte å ordna og systematisera bodskapen, som i den deduktive preika. Den induktive strukturen vert eit verkøy for å skapa oppleving og innleving og dra tilhøyraren inn i ei aktiv oppdaging av bodskapen gjennom å bli ført med i prosessen fram mot bodskapen på slutten av preika. Tilhøyraren sin erfaring vert ikkje berre eksempel, men byggestein i erkjenningsprosessen.

Kva praktisk-teologisk lærdom kan ein hente frå dei ulike modellane me har drøfta? Det viktigaste er truleg at predikanten minner seg sjølv om at struktur er viktig, og at det finst fleire vegar til Rom. Det at ein er klar over at preiker kan snekrast ut frå ulike lestar, kan være frigjerande.

Vil ein preika induktivt som Craddock, kan ein starta med spørsmålet: Kva betyr denne teksten for korleis me kan tenke om Gud i dag? Så kan ein henta element frå erfaringar, Bibelen og andre historier, og laga små sekvensar som står ved sida av kvarandre og byggjer opp mot ein konklusjon. Skal ein følgje Lowry, kan ein starta med menneskeleg erfaring av eit følt problem: Kan vi tru at Gud er kjærleik i dag når verda er slik ho er? Deretter kan ein gå inn på motargumenta og la evangeliet koma inn og kasta lys over problemet. Dette er ein variant av ein problem-løysing-struktur. Ein annan variant er at strukturer er tenkt som scener i ein film. I Buttricks modell kan preika sjåast på som fire-seks sekvensar som heng saman i ein samtalelogikk, som er bygd ut til tre minuttsteg. Til saman vil dei bli som ein filmsnutt som fører lyttaren frå ein stad til ein annan.

Før predikanten tek stilling til strukturspørsmål, kan det vere nyttig at predikanten innleiingsvis spør seg sjølv: Kva er det eg vil ha formidla inn i denne aktuelle samanhengen med utgangspunkt i denne konkrete bibelteksten?

Med utgangspunkt i dette forsøker predikanten å formulere ein temasetning. Det er ikkje sikkert dette blir den endelige utgåva av temasetninga, men den bidrar til å gi fokus i arbeidet.

For mange er det jakta på eit tema, den raude tråden, noko som veks fram i løpet av den førebauende prosessen. Eksegetiske tekstarbeid, kontekstuell refleksjon, bøn og meditasjon kan inngå som naturlege element i denne. Samstundes med at predikanten jaktar på eit tydelig fokus, vil vedkomande også være opptatt av framdrift. Preika må ha ei rørsle, og den må kunne delast inn i ulike "scener". Kombinert med dette gjeld det å finne ein raud tråd, det i preika som bidrar til å holde sekvensane saman. Ein sentral del av det preikeførebauende arbeidet handlar om å gjere val.

Det kan vere fruktbart å la prosessane knytte til fokus, framdrift og utmeisling av sekvensar få flyte litt over i kvarandre. Dei treng ikkje forståast som statiske element i ein strengt kronologisk prosess, men snarare som noko dynamisk som veks fram gjennom gjensidig påverknad. Når ein har gjort val om hovudretning, kan ein lettare samle preikestoffet i grupper. Dei ulike homiletikarane diskuterer kor omfattande desse skal vere, og kva dei skal kallast. Men det er semje om at sekvensane bør vere distinkte, ha ein indre logisk samanheng og samstundes vere forskjellige frå kvarandre.

Det er vidare semje om at ein bør vite kva ein vil med sekvensane. Skal dei teikna eit bilete av ein idé eller tanke som hos Buttrick, eller organiserast for å vera lette å hugse utan manus, som hos Webb? Eller skal dei vera del av eit narrativ/forteljingsplot, slik ein finn det hos Lowry? Ein kan vidare spørje etter kva effekt dei ulike sekvensane skal ha, kva dei tilfører, og kor dei skal plasserast. Skal løysinga koma før eller etter problemet? Skal hovudbodskapen koma først eller som ein konklusjon på ein prosess? Skal ein ha stoff som talar til tanken eller til kjenslene?

Det er viktig at strukturen heng saman og har ein raud tråd, klar logikk og rørsle. Det oppnår ein ved at dei sekvensane ein har, er einskaplege, og at det er tydeleg kva som er samanhengen frå den eine til den andre. Dersom ikkje

logikken gjev seg sjølv, er det naudsynt å lage overgangar så tilhøyraren kan henga med, slik at det ikkje berre vert lausrivne brokkar av gullkorn. Då må overgangen avslutta den førre sekvensen slik at tilhøyraren veit at ein skal gå vidare, og hinta om korleis den komande sekvensen heng saman med den som var. Her kan bruk av bindeord vise logikken i overgangen. Dersom overgangane er uklare, vil den raude tråden verta uklar.

Sjølv den enklaste struktur har innleiing og avslutning; dette er særlege kritiske punkt i ei preike. Innleiinga kan gje tilhøyraren hint om kva det handlar om, og gjerne eit løfte som tilhøyraren er interessert i at skal bli oppfylt. Innleiinga skal òg vera ein overgang til fyrste sekvens av preika. Innleiinga er staden for å skapa tillit til predikanten.

Dersom ein vel ein forteljingsstruktur, kan det vera verdt å sjå på korleis filmdramaturgar tenker om innleiing. For å skape interessere i starten tek historia gjerne utgangspunkt i ein konflikt mellom personar eller idear; dette er det som driv filmen framover mot ei løysing. Det kan vera to viljar som står mot kvarandre, eller noko som er ei hindring for at noko skal skje. Målet er å gjere lyttaren nyfiken, få "huka" vedkomande med ein struktur som er forma ut frå ei spenningskurve, som hos Lowry.

Avslutninga skal koma når ein har nådd målet for preika, når den eine bodskapen er formidla, og løftet som eventuelt vart gjeve i innleiinga, er oppfylt. Er det hovudvekt på å lære kyrkjelyden noko, kan ein ha ei oppsummering. Skulle ein kalla til handling, kan avslutninga vera eit kall til handling eller ei motiverande historie. Er målet å vekke særskilde kjensler, må preika avsluttast med noko som forsterkar denne kjensla.

## Avslutning

Det er krevjande å arbeide med homiletisk formgjeving. Det krev både kunnskap og ferdigheiter – og vilje til å leike med språket. I nyare norsk preiketradisjon har det etter vårt syn ikkje vore tilstrekkeleg fokus på homiletiske formspørsmål. Det er viktig at predikantar i førebuingssprosessen ikkje berre tenker på kva preika skal ha av teologisk innhald, men samstundes tenker over struktur. Me har med utgangspunkt



i Fred Craddock og nyare amerikansk homiletikk argumentert for at nettopp form og struktur spelar inn – også på korleis det teologiske meiningsinnhaldet vert oppfatta.

## Litteratur

- Buttrick, David; *Homiletic: Moves and Structures*, Fortress Press, Philadelphia 1987.  
Craddock, Fred B.; *As One Without Authority*, Abingdon, Nashville, 1971, (3. oppl. 1979).  
Craddock, Fred B.; *Preaching*, Nashville, Abingdon Press 1985.  
Lowry, Eugene L.; *The Homiletical Plot, The Sermon as Narrative Art Form*, Atlanta, John Knox Press, 1980.

- Eugene Lowry; *The revolution of Sermonic Shape in Grail* R. O'Day & Thomas G. Long: *Listening to the Word*, Studies i honor of Fred B. Craddock, Nashville, Abingdon Press 1993.  
Webb, Joseph M.; *Preaching Without Notes*, Abingdon Press, Nashville, 2001.  
Weider, Bjarne O. (red); *Forkynnelsen i brennpunktet*, Nomi forlag, Stavanger 1970.  
Wisløff, Carl Fr.; *Ordet fra Guds munn, Aktuelle tanker om forkynnelsen*, Luther forlag Oslo 1963 (4. oppl. 1978).  
Wisløff, Carl Fr.; *Ordet fra Guds munn, Homiletiske hovudspørsmål*, Lutherstiftelsen 1951.  
Skjevesland, Olav; *Broren over 2000 år. Bidrag til prekenlæren*, Luther forlag Oslo 1981.  
Skjevesland, Olav; *Det skapende ordet, en prekenlære*, Universitetsforlaget, Oslo 1995.

## Samandrag

Artikkelen analyserar korleis utvalde homiletikarar forstår og grunnleggjett sitt arbeid med struktur i preika. Med utgangspunkt i ei drøfting av Carl Fredrik Wisløff (tradisjonell trepunktspreike), Fred Craddock (induktiv struktur), Eugene Lowry (narrativ struktur), David Buttrick (moves) og Joseph Webb (manusfri preike) argumenterer forfatarane for at form og struktur spelar inn på korleis det teologiske meiningsinnhaldet vert oppfatta. Avslutningsvis drøftar artikkelen kva praktisk-teologisk lærdom kan ein hente frå dei ulike modellane.

---

Hallvard Olavson Mosdøl, etter- og videreutdanningsleiar/universitetslektor i praktisk teologi ved Det teologiske Menighetsfakultet  
Adresse: Postboks 5144 Majorstuen, 0302 OSLO  
hmosdol@mf.no

---

Tore Skjæveland, kyrkjefagsjef i Bjørgvin bispedøme og leiar av Homiletisk Fagråd i Presteforeningen  
Adresse: Postboks 1960, 5817 BERGEN  
tos@kyrkja.no